



HAREID
KOMMUNE

SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOKA
til
Kommunestyret

frå møte den 22.06.2004

0060/04-K ODELS- OG ÅSETSRETTE - HØYRING - ODELSLOVUTVALET
NOU 2003:26

Arkivsaknr. Arkivkode L.nr./ Sbh
04/00849 /V/ 005423/04/ SSL

Perny –Ann Nilsen fremja slikt framlegg:

1. *Hareid kommune går inn for at odelsrettsinstituttet blir avvikla.*
2. *Dersom odelsretten består, går Hareid kommune inn for ei omfattande modernisering av odelslova i tråd med Landbrukssjefen sine vurderingar.*

Røysting:

Formannskapet si tilråding 15 røyster og vedteken.


Perny-Ann Nilsen sitt framlegg 10 røyster.

Vedtak:

1. **Hareid kommune går inn for at odelsrettsinstituttet blir oppretthalde.**
2. **Under føresetnad av at odelsretten består, går Hareid kommune inn for ei omfattande modernisering av odelslova i tråd med Landbrukssjefen sine vurderingar.**

Hareid, 25. juni 2004

Rett utskrift:


Haldis Hareide
sekr.

Utskrift sendt: Til sakshandsamar for ekspedering.

ARKIVGJENPART
TEKNISK ETAT

Postadresse:
Hareid rådhus
6060 HAREID

Besøksadresse:
Hareid rådhus
HAREID

Foretaksnr.: 964 979 278
Telefon: 70 09 50 00
Telefaks:



FORMANNSKAPET

Møtedato: 09.06.2004

Utval	Saksnr.	Møtedato	Resultat
FSK	0101/04-K	09.06.2004	Tilrådd 4/3

Sakshandsamar: Roar Leirset - Landbrukssjef

ODELS- OG ÅSETSRETEN - HØYRING - ODELSLOVUTVALET NOU 2003:26

Arkivsaknr.: 04/00849 / Arkiv: /V/ Løpenr.: 04/004885

Greta Kirkebø fremja tilrådinga som låg føre i saka frå landbrukssjefen.

Røysting, alternativ:

Greta Kirkebø sitt framlegg - landbrukssjefen si tilråding - fekk 4 røyster og tilrådd.

HNM sitt framlegg fekk 3 røyster.

Formannskapet si innstilling:

- 1. Hareid kommune går inn for at odelsrettsinstituttet blir oppretthalde.**
- 2. Under føresetnad av at odelsretten består, går Hareid kommune inn for ei omfattande modernisering av odelslova i tråd med Landbrukssjefen sine vurderingar.**



HOVUDUTVAL FOR NÆRING OG MILJØ

Møtedato: 02.06.2004

Utval	Saksnr.	Møtedato	Resultat
HNM	0067/04-L	02.06.2004	Tilrådd 4/3

Sakshandsamar: Roar Leirset - Landbrukssjef

ODELS- OG ÅSETSRETTE - HØYRING - ODELSLOVUTVALET NOU 2003:26

Arkivsaknr.: 04/00849 / Arkiv: /V/ Løpenr.: 04/004540

Bente Bjørvig, FrP, la fram nytt framlegg til pkt. 1:

HNM går inn for at odelsrettsinstituttet blir avvikla.

Det vart votert over tilrådinga frå landbrukssjefen og over framlegget til Bente Bjørvig.

Bente Bjørvig sitt framlegg til pkt. 1 fekk 4 røyster med leiaren si dobbelstemme og tilrådd.

HNM si tilråding:

- 1. Hareid kommune går inn for at odelsrettsinstituttet blir avvikla.**
- 2. Under føresetnad av at odelsretten består, går Hareid kommune inn for ei omfattande modernisering av odelslova i tråd med Landbrukssjefen sine vurderingar.**



**HAREID
KOMMUNE**

HOVUDUTVAL FOR NÆRING OG MILJØ

Møtedato: 02.06.2004

Utval	Saksnr.	Møtedato	Resultat
HNM	0067/04-L	02.06.2004	

Sakshandsamar: Roar Leirset - Landbrukssjef

HNM 0067/04-L

**ODELS- OG ÅSETSRETTE - HØYRING -
ODELSLOVUTVALET NOU 2003:26**

Arkivsaknr.: 04/00849 / Arkiv: /V/ Løpenr.: 04/004398

Landbrukssjefen si tilråding:

- 1. Hareid kommune går inn for at odelsrettsinstituttet blir oppretthalde.**
- 2. Under føresetnad av at odelsretten består, går Hareid kommune inn for ei omfattande modernisering av odelslova i tråd med Landbrukssjefen sine vurderingar.**

SAKSUTGREIING

Sakstittel: ODELS- OG ÅSETSRETTEIN - HØYRING - ODELSLOVUTVALET
NOU 2003:26

Arkivsak: 04/00849

Saksdokument:

			Vedlagt:
1. Oversendingsbrev	dat.	18.05.04	
2. Saksutgreiing Søre Sunnmøre Landbrukskontor	"	Udatert	X
3. Lov av 28.06.1974 om odelsrett og åseteretten	"	28.06.74	X

Saksopplysningar: Sjå vedlagt saksutgreiing frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor.

Landbrukssjefen si tilråding:

1. Hareid kommune går inn for at odelsrettsinstituttet blir oppretthalde.
2. Under føresetnad av at odelsretten består, går Hareid kommune inn for ei omfattande modernisering av odelslova i tråd med Landbrukssjefen sine vurderingar.

Rådmannen i Hareid, 27.05.2004.

Sakshandsamar:

Roar Leirset - Landbrukssjef
Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Utskrift til: Til sakshandsamar for ekspedering

MØTEBOK

Hovudutvalg for Næring og Miljø.

Møtedato: //

Sakslistenr:

Saksnummer: 151704 00008 ALD

Kommune	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	ID Andel	Eigedomsnavn
HAREID						

Saksutredning:

HØYRING – ODELSLOVUTVALET SI INNSTILLING NOU 2003: 26

Innleiing

Odelslovutvalet fekk den 21. september 2001 i oppdrag å evaluere verknader av og fremme forslag til endringar i odelslova. Vidare fekk Utvalet eit tilleggsmandat frå landbruksminister Lars Sponheim den 2. april 2003: Å vurdere om odelsretten bør bestå eller avviklast. Åsetesretten (spørsmålet om kven av livsarvingane etter eigar av landbrukseigedom som skal få ta over landbrukseigedomen på skiftet, jf. odelslova § 62) var ikkje omfatta av sistnemnte tilleggsmandat.

Odelslovutvalet har lagt fram sine forslag til modernisering av odelslova i NOU 2003: 26. I korte trekk har Utvalet levert ei samrøystes utgreiing innafor det opprinnelege mandatet sine rammer – med unntak av følgjande:

1. Eit fleirtal på fem vil heve arealkravet til odlingsjord frå noverande 20 dekar jordbruksareal til 50 dekar. Eit mindretal på tre vil heve arealkravet frå 20 dekar til 30 dekar.
2. Eit mindretal på tre vil avgrense odelskrinsen på den måten at berre barn av foreldre som har eigd garden med odelsrett får odelsrett.
3. Utvalet er delt på midten med omsyn til om føresegnene om bu- og driveplikt framleis bør plasserast i odelslova, eller om dette regelverket i sin heilskap bør flyttast til konsesjonslova.

Når det gjeld tilleggsmandatet om odelsretten bør bestå eller ei, har Utvalet delt seg: Eit fleirtal på seks meiner odelsretten bør bestå, medan mindretalet på to meiner odelsretten bør avviklast.

For det tilfellet at odelsretten blir ståande, har Utvalet komme med ei rekkje forslag til endringar. Nokon av desse er til dels inngripande, andre er av mindre tyding og elles av redaksjonell karakter.

I det følgjande vil spørsmålet om odelsretten skal bestå eller ei bli behandla først, deretter drøftast dei viktigaste endringsforslaga. Sistnemnte for det tilfellet at odelsretten blir ståande.

Del III, kap. 12, s. 160 flg. – spørsmålet om odelsretten bør bestå eller ei

Odelsrett er ein privatrettsleg *særrett* for den slekt som gjennom ei viss tid har hatt tilknytning til ein bestemt landbrukseigedom, og slik at det mellom dei i slekta som har odelsrett, er ei rangordning (prioritetsrekkefølge). Særretten fører med seg ein *fortrinnsrett* til å ta over odelseigedomen på arveskifte, og ein *løysingsrett* når eigedomen ved frivillig disposisjon eller tvangssal kjem ut av slekta. Vidare er det løysingsrett for den betre prioriterte overfor den dårlegare prioriterte ervervar av eigedomen.

Odelsretten kan seiast å vere meir enn berre den reine funksjon av regelverket – ein sentral sideeffekt er at odelsretten pregar haldningane og målsettingane til næringsutøvarar i landbruket.

Utvalet er som nemnt innleiingsvis delt i synet på om odelsretten bør bestå eller ei: Fleirtalet på seks meiner at odelsretten bør bestå – medan eit mindretal på to meiner odelsretten bør avviklast.

Fleirtalet si grunngiving ligg mellom anna i at odelsretten gir betre landbruk. Dette på bakgrunn av kjenslemessig tilknytning til garden, som saman med den tryggleik og mulegheita til sikker planlegging odelsretten gir, skaper grobotn for godt landbruk. Likeså viser fleirtalet til at det oftare er positiv næringsinntekt, og høgare næringsinntekt, på bruk som drivast av odelsrettshavarar enn andre brukarar.

Fleirtalet meiner også at odelsretten har ført til at landbruksareal framleis blir eigd av einskildpersonar, og at ein i mange samanhengar legg til grunn at odelsretten held oppe busetnaden i distrikta med lokalt eigarskap til landbruksjord. Fleirtalet trur vidare at nedgangen i talet landbrukseigedomar med aktiv drift vil føre til at landbruket får mindre tyding for busetnaden i framtida; odelsretten som sådan vil følgeleg ha avgrensa tyding i forhold til desse kreftene.

Fleirtalet meiner at odelsretten spelar ei meget viktig rolle i forhold til likestilling mellom kjønna.

Fleirtalet har merka seg dei negative sidene ved odelsretten: Høgt konfliktpotensial, høgt kjenslemessig engasjement, avgrensing av eigaren sin råderett, usikkerheit for ervervarar og at odelsretten virker ekskluderande (ein får eit rettsleg fortrinn i kraft av fødselstidspunkt).

Fleirtalet meiner likevel at odelsretten utan tvil har fleire og tyngre samfunnsmessig gunstige effektar enn ulemper. Det blir særleg vist til dei sosiokulturelle verdiane i tilknytning til dei haldningar og langsiktige målsettingar som er karakteristisk for dei som har sitt arbeid i landbruket – herunder i relasjon til spørsmålet om likestilling og betre landbruksdrift. Vidare vil dei endringane som er satt fram i forslaget redusere dei uheldige sidene ved odelsretten vesentleg. Totalt sett vil odelsloven etter fleirtalet si meining vere eit viktig instrument for å sikre langsiktig planlegging og stabilitet for landbruket, samt å bidra til samfunnsmessig ønska verknader.

Avslutningsvis kjem fleirtalet med merknad om at åsetesretten har ei avgrensa tyding vedkomande eigarskifte i landbruket i dag, då langt dei fleste eigarskifta på landbrukseigedom

av næringsmessig tyding i praksis skjer medan eigar er i live.

Mindretalet er som fleirtalet samd i at odelsretten er ein viktig del av vår rettslege kulturarv, men meiner dette i seg sjølv ikkje er tilstrekkeleg grunnlag for å oppretthalde odelsretten i dagens samfunn.

Mindretalet meiner det er vanskeleg å føre eksakt bevis for dei gunstige samfunnsmessige verknader fleirtalet påstår odelsretten gir. Mindretalet meiner at det ikkje er klare skillelinjer mellom arbeidsplass og heim, og mellom arbeidstid og fritid. Dette pregar naturleg nok tilknytninga til garden. Spørsmålet er om odelsretten er med på å styrke denne tilknytninga på ein slik måte at ein får eit auka samfunnsmessig vinning av landbruket. Etter mindretalet si meining er det ikkje sannsynleg at odelsretten har noko stor tyding for eit betre landbruk, samanlikna med kva ein ville fått utan odelsretten.

Mindretalet peiker på at bu- og driveplikta som eit institutt for å få samfunnsmessig gunstige verknader er eit høvesvis nytt element ved samfunnet sin kontroll med utnyttinga av fast eigedom (kom inn i lovgivinga i 1974). Mindretalet meiner at dei omsyn som ligg bak bu- og drivepliktsføresegnene i odelslova kan bli stetta på ein vel så god måte gjennom konsesjonslovsystemet, og at odelsretten å så måte ikkje har nokon sjølvstendig tyding her. Vidare seier mindretalet at samfunnskontrollen med eigedomsstruktur og eigartilhøve også kan bli stetta gjennom konsesjonslov saman med jord- og skoglov.

Ei føresegn om likestilling mellom kjønna (fleirtalet sitt forslag) – med den signaleffekt dette gir - er etter mindretalet si oppfatning ikkje ein faktor som i våre dagar kan tilleggast vesentleg tyding når mandatet er å greie ut om det odelsrettslege system skal oppretthaldast.

Mindretalet peiker på at odelsretten i mange tilfelle skaper problem og skarpe konflikhtar.

I den totalvurderinga som må gjerast i høve til mandatet, meiner mindretalet at det i dag ikkje let seg forsvare at – dersom ein legg Landbruksdepartementet sine tal til grunn – oppimot 80% av landbrukseigedomane, med dyrka mark og store skog- og utmarksstrekningar – skal vere odelsjord. Det vil seie at det gjennom fødsel er ein stadig snevrare krins av personar med føremonsrett til desse verdiane. Mindretalet aksepterer – utan at nærare kvantifisering er naudsynt – at odelsretten har gunstige verknader, men meiner at desse ikkje kan vere tilstrekkeleg til å rettferdiggjere brotet på likestillingsprinsippet. Dette gjeld særleg fordi mange av dei fordelane på ein prinsipielt riktigare og meir systematisk og effektiv måte kan tas i vare gjennom andre verkemiddel av økonomisk og lovmessig karakter. Herunder nemnast konsesjonsloven spesielt, med rom for kontroll med erverv av landbruksareal og priser, saman med etablering av bu- og driveplikt for slike eigedomar.

Landbrukssjefen si vurdering:

Landbrukssjefen er samd i fleirtalet si vurdering av at åsetesretten har avgrensa tyding med omsyn til overdraging av landbrukseigedom av næringsmessig verdi. Dette fordi overdraging av slike eigedomar oftast skjer i eigar si levetid.

Landbrukssjefen har registrert at tal dekar leigeareal på landsbasis er aukande. Vidare er det slik at ca 50% av bruka på landsbasis er avhengig av at minst ein av ektefellane har arbeid utanom garden. Dette kan lesast slik at gardane over tid får mindre tyding som arbeidsplass, at eigar av eige ønskje vel vekk arbeidet på garden – eller at eigar er avhengig av arbeid utanom

garden av strukturmessige årsaker.

Landbrukssjefen har registrert at det er eit aukande ønskje om at eigar av landbrukseigedom organiserer verksemda si i samsvar med kva andre næringar gjer. Gjennom politiske signal og økonomiske/juridiske verkemiddel blir gardeigaren stimulert til å handle som ein kvar annan næringsutøvar. Ulike samarbeidsformer innafor landbruket er også ein faktor her. I denne samanheng må gardeigaren sjå på mulegheitene for å avgrense risiko ved investeringar – vidare slik at finansieringsinstitusjonane også krev best muleg sikkerheit for dei lån som blir gitt. Opphøyr av samliv og tvangssal er ein realitet også innafor landbruket – og her nemnast at tvangssal av landbrukseigedom med påkvilande odel jamt over gir ein lågare marknadspris enn sal av landbrukseigedom utan odel. Odelsretten kan på denne måten avgrense eigaren sitt handlerom i forhold til å skape ein best muleg arbeidsplass/næringsinntekt.

Landbrukssjefen er av den oppfatning, som fleirtalet i Utvalet, at dei fleste eigedomar framleis vil bli selt innan slekta, sjølv om odelsretten skulle bli avvikla. Dette tyder at odelsretten ikkje alltid vil ha avgjerande vekt i høve til kven ein vil kome til å selje garden til, men i ein del tilfelle vil det likevel vere tihøve som talar for å oppretthalde visse rettar for å sikre at eigedomen kan verte innafor slekta.

Landbrukssjefen har merka seg odelsretten sitt konfliktskapende potensiale. Det er eit jamt, høgt tal førespurnader ikring temaet, og signala frå eigarar av landbrukseigedom er at odelsretten i mange høve er ei stor kjelde til usikkerheit og usemje. Landbrukssjefen meiner odelsinstituttet i mange høve kan seiast å vere meir retta inn mot å ivareta omsynet til slekta og dei som ikkje driv gard, enn å sikre ei framtidsretta utvikling i landbruket der eigaren har interesse for landbruksdrifta. Det finnes eksempel på at unge som er interessert i landbruksdrift blir skuva til side av slektningar/andre med betre odelsrett, men der desse har mindre landbruksfagleg kompetanse og interesse.

Landbrukssjefen meiner at odelsretten kan bidra til auka likestilling mellom kjønna innan landbruket, og finn at flest punkt talar for å oppretthalde odelsretten på bruk av ein viss storleik.

Ut fra det som står ovafor, meiner landbrukssjefen at odelsretten bør oppretthaldast som rettsinstitutt.

Under føresetnad at odelsretten blir vidareført

Utvalet sitt opprinnelege mandat var mellom anna særleg å vurdere om odelskrinsen bør innskrenkast, om løysingsfristen bør bli kortare samt verknadene av odelslova sine føresegner for kvinner sin situasjon i landbruket. Utvalet skulle også vurdere om odelslova fører til ei konservering ("lukking") av landbruket, korleis odelslova verkar inn på lokalt eigarskap og busetnad, om det skulle utformast ei formålsføresegn, og kva som er odlingsjord. Til sist skulle Utvalet kome med ev. forslag om lov- og regeltekniske forenklingar av dei offentlegrettslege reglane, då med sikte på å få kortare saksbehandlingstid ved offentleg myndeutøving.

1. Pkt. 6.1.2.2 – Odelslova § 2 – arealkrav

Fleirtalet på fem foreslår å auke noverande arealkrav på 20 dekar jordbruksareal eller minst 100 dekar produktiv skog til 50 dekar jordbruksareal eller minst 1.000 dekar produktiv skog. Utvalet foreslår også ei viss forenkling i høve til dagens "kompensasjonsareal" – i noverande

§ 2 nemnt som ”anna areal, rettar og lunnende at den (*eigedomen*) produksjonsmessige verdi tilsvarar minst 20 dekar jordbruksareal”.

Fleirtalet meiner at grensa for odlingsjord bør settast ut frå objektive kriterium, og at dette best gjerast ved å sette ei minstegrense for eigedomen sitt produktive areal. Denne bør settast så høgt at ein i all hovudsak stenger for ferieeigedomar. *Fleirtalet* trur at ei auke i arealgrensa for odlingsjord kan bidra til auka omsetnad av mindre landbrukseigedomar og tilleggsjord.

Mindretalet (tre) går inn for ei auke i arealkravet til 30 dekar jordbruksareal eller minst 500 dekar produktivt skogareal. Dei grunngir sitt forslag med at det er store skilnader i eigedomsstruktur i dei ulike delane av landet, og at ei markert auke i arealgrensa for odelseigedomar vil føre til at ein relativt stor del av landbrukseigedomane i einskilde delar av landet ikkje vil bli odelseigedomar. *Mindretalet* er elles samde med *fleirtalet* om at grensa for odlingsjord bør settast ut frå objektive kriterium.

Dersom lova blir endra i samsvar med innstillinga fra Utvalet, vil talet på odelseigedomar bli vesentleg redusert. I Møre og Romsdal hadde ein i 2002 totalt 14.268 landbrukseigedomar (frå og med 5 dekar jordbruksareal). Av desse har 9.092 mindre enn 50 dekar jordbruksareal. På landsbasis vil talet odelsbruk gå ned frå om lag 130.000 – 140.000 odelsbruk til om lag 80.000 – 90.000 odelsbruk.

Landbrukssjefen ser det som særskild viktig at den nedre grensa for kva som er odlingsjord er knytt opp til fastare kriterium som gir god forutberekneligheit. Vidare slik at ei heving av arealgrensa i tråd med *mindretalet* sitt forslag blir å sjå som for lik grensa slik den er i dag. Det er også viktig at arealkravet er tilpassa dagens verkelegheit når det gjeld kva som kan nyttast til landbrukseigedom og ikkje.

Landbrukssjefen sluttar seg til fleirtalet sitt forslag om å heve arealgrensa for odlingsjord til 50 dekar jordbruksareal/1.000 dekar produktiv skog.

2. Pkt. 6.1.2.4 – Odelslova § 4 – presiseringar (jf. pkt. 6.4)

Utvalet foreslår at sambuarar på nærare gitte vilkår kan samodle ein eigedom, og at sambuande skal vere verna når den med odelsrett døyr.

Etter odelslova § 4 odlar som hovudregel ektefellar i fellesskap odelsrett til ein eigedom når dei ervervar den under ekteskapet. Føresetnaden for dette er at eigedomen høyrer til det ekteskapelege felleseiget (i motsetnad til særlege). Praktisk sett kan det seiast at samodling i dag føresett at ein av ektefellane eller begge i fellesskap – under ekteskapet – ervervar odlingsjord frå nokon utanfor slektene til ektefellane.

Utvalet meiner at det med dei rettsreglar som elles gjeld for sambuarar og dei generelle oppfatningane som rår vedkomande likestilling mellom ekteskap og etablerte sambuarforhold, bør mulegheitene for samodling utvidast.

Utvalet sitt endringsforslag inneber at der ein står overfor eit eigedomserverv som kunne gitt grunnlag for samodling mellom ektefellar, skal også sambuande kunne samodle. Dei nærare vilkåra for samodling er : At ervervet skjer etter at sambuarforholdet er etablert, at dei eig like stor part, at dette eigarforholdet varer i 20 år (med visse modifikasjonar), at sambuarforholdet er dokumentert gjennom felles adresse i folkeregisteret og er reelt, og at det er eit

ekteskapsliknande sambuarforhold (sysken kan ikkje samodle).

Verknaden av fullført samodling er som for ekteskap – det tyder at dei får lik odelsrett, og at fellesbarn/særkullsbarn får odelsrett.

Odelslova §§ 34-39 har reglar om vern av attlevande odelslause ektefelle overfor dei med odelsrett. Etter Utvalet si meining bør også attlevande i sambuarforhold ha krav på vern når sambuarforholdet har vore ekteskapsliknande, og attlevande har ei tilknytning til eigedomen som kan samanliknast med den som gir attlevande ektefelle vern.

Landbrukssjefen sluttar seg til Utvalet sitt forslag.

3. Pkt. 6.2.2 – Odelslova § 8 – odelslekta

Gjeldande lov § 8 seier kven som har odelsrett i tillegg til den som sitt med eigedomen idet odelshevdstida (20 år) er fullført (odelshevdaren/odlaren).

Utvalet drøftar fleire modellar for avgrensing av odelskrinsen :

- 1) Berre den siste odelsberettiga eigaren sine barn har odelsrett.
- 2) Berre barn av ein odelsberettiga eigar (noverande eller tidlegare innan same odelslekt) har odelsrett.
- 3) Dagens ordning oppretthaldast med den modifikasjon at ”nokon av foreldra, besteforeldra eller sysken av foreldra” må ha eigd eigedomen med odelsrett i ei viss tid, for eksempel 5 år.

Modell 1 inneber at når A døyr, kan barna a, b, c og så bortetter kreve odelsretten, som då får om lag same innhald som åsetesretten. Når A sel eigedomen, kan barna a, b og c gå til løysingssøksmål mot ervervar, der a vil ha best prioritet.

Modell 2 vil gi same utslag som modell 1, med den forskjell at odelskrinsen ikkje avgrensast til siste eigar sine barn. Siste eigar sine barn vil kunne ha føremonsrett framom barn av tidlegare eigar, med mindre desse kunne ha løyst eigedomen etter reglane i § 41, jf. § 40.

Modell 3 vil ta vekk problemet med ”refleksodel” – det at eldre menneske nyttar sin odelsrett for at fjernare slektningar (i høve til § 8) får odelsrett. Dette vil likevel skape problem i dei tilfella A døyr i sin beste alder, og kun har eigd garden i kort tid, ettersom barna til A då ikkje vil få odelsrett.

Fleirtalet (fem) vil ikkje endre odelskrinsen, og vil såleis halde på odelskrinsen slik den er i dag. Dei meiner modell 3 vil verke urimeleg og tilfeldig, og at modell 1 og 2 er praktisk gjennomførbare, men at desse vil gjere eit for stort innhogg i dei tradisjonelle oppfatningane knytt til odelsretten. Dei peiker på at barnlaus eigar av landbrukseigedom kan ha eit tett forhold til nevøar/nieser, og elles at avgrensning av odelskrinsen til modell 1 eller 2 vil kunne få konsekvensar for eldre sysken si utnytting av odelsretten – eksempelvis slik: I syskenflokken er det semje om at nr. 2 bør ta over eigedomen etter foreldra. Etter dagens reglar kan det vere av tyding at den eldre veit at dersom nr. 2 ikkje blir sittande med eigedomen, vil odelsretten ikkje vere definitivt tapt, jf. § 41 andre ledd med vising til §§ 42 og 43. Med den avgrensninga som modell 1 eller 2 fører med seg, vil barna til den eldre i syskenflokken ikkje ha odelsrett, og dette kan føre til at den eldre finn at han/ho likevel vil

nytte sin odelsrett for å sikre barna sine.

Fleirtalet vil ha inn ei presisering om at (tidsavgrensa) tingsrettsleg sameige av odlingsjord ikkje gir grunnlag for odelsrett for etterkomarar av dei som satt i slikt sameige. Dette gjerast ved at § 8 første ledd blir som følgjer: "Utanom odlaren får også etterkomarane hans odelsrett dersom nokon av foreldra, besteforeldra eller sysken av foreldra har ått *heile* egedomen med odal". Det gjerast då unntak for tilfella der egedomen ligg i sameige, jf. ovafor om forslaget om at sambuarar kan samodle.

Mindretalet (tre) meiner at odelskrinsen bør sanerast slik at odelsretten i prinsippet kun gjeld for dei som har vakse opp på egedomen. Dette vil i dei aller fleste tilfella vere situasjonen der det er foreldra som har eigd egedomen med odelsrett. *Mindretalet* foreslår såleis at odelslova § 8 endrast slik at kravet er at foreldra eig eller har eigd heile egedomen med odelsrett – jf. modell 2 ovafor.

Mindretalet meiner at den situasjon der eit eldre sysken overtar garden for å unngå at barna ikkje mister odelsretten slik fleirtalet nemner, ikkje er tilstrekkeleg grunnlag til å oppretthalde odelsretten for dei personar som normalt ikkje har nokon spesiell tilknytning til ein egedom. *Mindretalet* peiker også på at langt dei fleste løysingssaker kjem som resultat av at barna på egedomen ikkje ønskjer å overta egedomen der eigar og den næraste familie er samde om sal – slik at det er fjernare slektingar (eksempelvis syskenbarn) som vanskeleggjer sal til personar utan odelsrett.

Når det gjeld tilfella der ein barnlaus eigar har eit tett forhold til nevøar/nieser, vil ei innsnevring av odelskrinsen ikkje hindre at eigaren kan selje egedomen frivillig til den nevø/niese eigaren er knytt til.

Mindretalet vil ta inn same reservasjon mot kravet om at odelsrettshavaren av foreldra har ått *heile* egedomen.

Landbruksjefen sluttar seg til mindretalet sitt forslag.

4. Pkt. 6.6.2 – Odelslova § 20 – overdraging til annen enn den best berettiga

I odelslova § 20 står den viktige regelen om interpellasjonsrett – at eigar som ønskjer å selje egedomen til eit yngre barn, gjennom ein formalisert førespurnad til dei eldre kan få bringa på det reine om desse er interessert i å nytte sin odelsrett. Dersom dei eldre svarer nei, eller ikkje svarer i det heile innan 6 månader, kan egedomen seljast til den yngre på dei vilkår som gikk fram av tilbodet. Dei eldre kan då ikkje løyse egedomen frå den yngre. Dei taper då ikkje odelsretten sin, men prioritetsmessig blir dei ståande etter ervervaren eller denne si linje. Svarer ein av dei eldre ja til tilbodet, er eigaren ikkje forplikta til å selje til vedkomande.

Utvalet meiner denne ordninga i hovudsak har verka gunstig, og foreslår at ordninga utvidast til å gjelde når eigaren ønskjer å selje heile eller delar av egedomen til andre med odelsrett (eksempelvis nevøar/nieser, og det finst andre med betre odelsrett) eller til personar utan odelsrett i det heile.

Fristen for å svare på eit slikt tilbod er i dag 6 månader. Utvalet foreslår å korte den ned til 2

månader, dette for å skape sammenheng med forslaget under pkt. 6.10.1 (alminnelig løysingsfrist kortast ned frå 1 år til 6 månader, jf. § 40).

Landbrukssjefen seier seg samd i forslaget, og meiner det er ein fordel at seljar av odlingsjord i større grad kan avklare om personar med (betre) odelsrett vil nytte seg av retten. Ein kortare svarfrist vil vidare gjere det enklare å planlegge om salet let seg gjennomføre, og likevel gi odelsretthavarane den tid dei treng til å vurdere tilbodet.

Landbrukssjefen sluttar seg til forslaget frå Utvalet.

5. Pkt. 6.6.3 – Odelslova § 21 – når løysing er ”klårt urimeleg”

Etter § 21 kan prioritetsrekkefølga mellom dei med odelsrett fråvikast dersom det vil vere ”klårt urimeleg” å drive den dårlegare odelsrettshavaren vekk frå eigeodomen. Første ledd gjeld forholdet mellom sysken, andre ledd mellom andre personar med odelsrett. Eit typisk eksempel er der eit yngre sysken som har tatt over eigeodomen etter mor/far blir utsett for løysingssøksmål frå eit eldre sysken. Spørsmålet har vore oppe for Høgsterett ei rekkje gonger, og haldninga har vore klart restriktiv på bakgrunn av faren for at det blir vanskeleg å sjå korleis framtida til bruket blir dersom § 21 blir nytta i utstrakt grad.

Utvalet foreslår at også dei som har overdratt eigeodomen utan å ha odel på denne, skal kunne nytte seg av § 21. Utvalet viser til eksempel som at grannen har leigd og drive eigeodomen i mange år og til slutt får kjøpe denne, og då blir møtt med løysingssøksmål – eller at grannen sine barn på det næraste har vore fosterbarn for barnlause eigarar. Utvalet føresett at løysingsmannen må stå sterkare her enn i dei situasjonane han konkurrerer med ein odelsberettiga.

Utvalet har einskildmerknader til samisk rettsoppfatning, der det yngste barnet har best odelsrett.

Landbrukssjefen sluttar seg til Utvalet sitt forslag.

6. Pkt. 6.6.4 – Odelslova § 25 – fråskrivning av odelsretten

Etter § 25 er det høve til å skrive frå seg odelsrett. Av omsyn til å skape klar dokumentasjon om spørsmålet om det er gitt avkall på odelsretten eller ei, foreslår utvalet å føre inn eit skriftkrav.

Landbrukssjefen sluttar seg til forslaget.

7. Pkt. 6.7 – Kapittel VII - om bu- og driveplikt (§§ 27-29)

Etter odelslova § 27 får den som tar over ein eigeodom ved odelsløysing personleg bu- og driveplikt i 10 år. Dette i motsetnad til normaltillfella, som etter § 27 andre ledd gir 5 år personleg buplikt, medan driveplikta her anten kan oppfyllast personleg (5 år) eller ved bortleige som tilleggsjord i minimum 10 år.

Fire av medlemmane i Utvalet (Indgjerd Værdal, Hersleth Holsen, Kveberg og Svastuen) meiner det ikkje er grunn til å endre på regelen om at overtaking ved odelsløysing gir 10 års personleg bu- og driveplikt, og at det elles er logisk å ha reglane om bu- og driveplikt for

odelseigedomar i odelslova. Ei eventuell harmonisering med reglane om bu- og driveplikt bør, om naudsynt, vere slik at konsesjonslova viser til odelslova sine føresegner på dette området.

Fire andre medlemmar (Falkanger, Buttingsrud-Mathiesen, Opdahl og Storødegård) meiner at 10 årsregelen ved odelsløyning bør gå ut. Desse medlemmane tar som utgangspunkt at når ein odelsrettshavar overtar ein eigedom, har vedkomande bu- og driveplikt. Det leggst til grunn at bu-/driveplikta for odelsrettshavaren lik som for andre har si forklaring i landbrukspolitiske og samfunnspolitiske omsyn. Dette bør ha som konsekvens at plikttida, og fritaksadgangen, må vere den same for eigar med odelsrett og eigar som ikkje har odelsrett. Det er vidare ikkje grunnlag for å ha særreglar med omsyn til bu- og driveplikt for dei tilfella eigedomen blir overtatt ved løysingssak (10 års personleg bu- og driveplikt). Desse medlemmane meiner dagens føresegner har eit preg av å ville straffe løysingsmannen (pønaltankegang), som på si side kun har nytta seg av den løysingsadgang lova gir høve til. Vidare meiner dei at reglane om bu- og driveplikt bør harmoniserast og samlast i konsesjonslova.

Landbrukssjefen sluttar seg til uttala og forslaga frå medlemmane Ingjærd Værdal, Hersleth Holsen, Kveberg og Svastuen.

8. Pkt. 6.10.1 – Kapittel X – preskripsjon/forelding (§§ 40-48)

Odelslova § 40 har reglar om forelding (preskripsjon) av odelsrett/løysingsrett.

Hovudprinsippet er at ein person med odelsrett må gjere sin rett gjeldande innan eitt år etter eigedomsovergang (tinglysing eller bruksovertaking) til ein framand utan odelsrett eller til ein med dårlegare odelsrett.

Eit samla Utval foreslår at løysingsfristen blir korta ned til 6 månader, som er i samsvar med lov om løysingsrettar av 9. desember 1994 nr. 64. Vidare at det alternative utgangspunktet for når løysingsfristen på 6 månader tar til å løpe (§ 40, andre ledd: "Ved friviljug overdraging skal fristen likevel først reknast frå bruksovertakinga, dersom denne skjer seinare enn tinglysinga av heimelsdokumentet") fell vekk.

Landbrukssjefen meiner at det er fornuftig og ryddig å ha kun *eitt* utgangspunkt med omsyn til når løysingsfristen tar til å løpe – frå tinglysingsdato.

Landbrukssjefen meiner spørsmålet om løysingsfristen si lengde må kvile på ei avveging mellom omsynet til at odelsrettshavarane må få tilstrekkeleg tid til å tenkje over om dei skal ta over eller ei, og omsynet til at ny eigar skal få ei rask avklaring av om han/ho får behalde eigedomen. Herunder må dei odelsberettiga få tid til å skaffe seg kunnskap om at ei overdraging har skjedd, då dette ikkje "flaggast" i alle tilfelle. Landbrukssjefen er noko i tvil om 6 månader er tilstrekkeleg i sistnemte tilfelle. På den andre sida er det etter dagens forhold ikkje vanskeleg å skaffe seg kunnskap om kven som står med heimel til ein eigedom, og såleis gjennom kortare løysingsfrist kanskje pålegge odelsrettshavarane ei noko større handleplikt. Ut frå dette meiner landbrukssjefen at omsynet til odelsrettshavarane framleis vil vere godt stetta med ein løysingsfrist på 6 månader.

Landbrukssjefen sluttar seg til Utvalet sitt forslag.

9. Pkt. 6.15.1 – Odelslova § 78

Eit samla Utval foreslår å modernisere § 78, slik at føresegna kjem i samsvar med dagens rettsopfatning. Dagens § 78 diskriminerer framleis kvinner i forhold til brør eller onklar født før 1965, samt adoptivbarn og barn født utanfor ekteskap før 1965.

Etter landbrukssjefen si oppfatning er det ein stor fordel om reglane om odelsrekkjefølgja blir meir oversiktleg, då det i dag kan vere vanskeleg å få klarleik i kven som har best odel til ein eigedom. Dette gjeld særleg der både gamal og ny odelslov kjem i bruk.

Landbrukssjefen sluttar seg til Utvalet sitt forslag.

Framlegg til vedtak:

- 1. Hareid kommune går inn for at odelrettsinstituttet blir oppretthalde.**
- 2. Under føresetnad av at odelsretten består, går Hareid kommune inn for ei omfattande modernisering av odelslova i tråd med Landbrukssjefen sine vurderingar.**